


**Ullensvang
kommune**

FRAMTIDAS KULTURSKULE

Rapport - Pilotprosjekt 2021/2022





Rapport “Framtidas kulturskule”

Ullensvang kommune er samanslått av tidlegare Jondal kommune, Odda kommune og Ullensvang herad. I dag har kommunen ca. 11000 innbyggjarar, spreidd over eit stort areal, delvis splitta av både fonn og fjord. Kommunen har ein ”skeiv” demografi der også framskriven statistikk syner til stadig synkande barnetal og aukande prosentdel av eldre. Skal ein kulturelt sett kunne stå støtt og godt førebudd i den komande ”demografikrisa” som er varsla for kommunen, er det viktig å utvikle ulike kompetansar innafor eit breidt fagfelt, og vidare eit aktivitetstilbod som er tilpasningsdyktig og fleksibelt.

Kulturskulen har pr. i dag mellom 300 og 350 elevplassar, men sjølv brukartalet er langt høgre då kulturskulen har lange tradisjonar for å serve frivillige lag/organisasjonar, skular, institusjonar m.m. Vedtekten seier at kulturskulen skal vere eit ressurscenter for aldersgruppa 0 - 100, noko som er førande for val av fokusområdet **“Kulturskulen som livsløpsarena”**.

I pilotperioden har ein valt å jobbe med følgande tre tiltak:

1. Nøringen

Overgangsordning frå barnehage til grunnskule inspirert av mellom anna Sunnfjord sin blå ”overgangsbag”. Her ynskjer me å byggja vidare på eksisterande kulturformidlings prosjekt som alt er nytta i barnehagen i heile Hardanger forankra i folkemusikk og kulturhistorie, og supplera med anna innhald som skal vera ein felles plattform for praksis i heile kommunen. Pilotprosjektet er lagt til tre barnehage-/skulesamarbeid.

2. Kulturcamp for ungdom

I lys av at ungdomsgruppa ikkje deltar så mykje som ein skulle ønske i ulike kulturaktiviteter både i regi av kulturskulen og frivillige organisasjonar, hadde vi lyst å få til ei veke der dei i trygge omgjevnader kunne prøva ut ulike kulturaktivitetar første veka i sommarferien. Vi hadde og eit ønske om å teste ut om workshopbasert læring over fleire dagar appellerte meir til målgruppa enn den tradisjonelle ”ein gong i veka” formen vi kjenner.

Gjensidigestiftinga og lokalt næringsliv ga solid økonomisk stønad, og i samskaping med ungdommane sjølv, frivilligsentralen, kulturskulen og ei lengre rekke organisasjonar og einskildpersonar, blei såleis Kulturcamp 2022 realisert juni 2022. På førehand hadde vi besøkt alle ungdomstrinna samt vidaregåande skule i kommunen for å få innspel frå ungdommane kva aktivitetar dei ønske å prøve ut, og resultatet blei at dei denne veka kunne velga å prøva følgjande aktivitetar:

teikning/maling - smykkedesign - foto/film - lyd/lys/scene - musikk - dans/koreografi - e-sport/gaming - matlagning - arrangørkompetanse

Veka blei avslutta med ein ungdomsfest på fredag kveld arrangert av ungdomane sjølv der gjestene fekk høyra og se noko av dei ulike aktivitetane dei hadde delteke på i løpet av Kulturcampen. Tilbakemeldingane frå både ungdommar og arrangørar var svært positive, og Kulturcamp for ungdom er no lagd inn som eit årleg arrangement i planverket og som budsjettforslag i Ullensvang kommune.





3. Samskaping i demensomsorg

Kulturskulen har i dag samarbeid med nokre av pleie- og omsorgsinstitusjonane om jamlege songstundar. Ein ser at det er moglegheiter for å utvikle dette tilbodet, og gjerne i enda større grad samskape og oppnå ein felles nytteverdi i arbeidet. Spesielt innan demensomsorga er det godt dokumentert at musikk, song og dans har god effekt på ulike paramener som t.d. livskvalitet, medisinbruk, uro etc. Demenssjukdom er aukande i heile landet, og framskrivingar viser at Ullensvang kommune vil ha ein større auke enn mange andre stader i landet. I kommunen har ein nokre institusjonar som tidlegare har arbeida med musikkbasert miljøbehandling for denne gruppa med gode resultat, og gjennom brukarundersøking blant tilsette var musikkterapi eit av tiltaka som flest etterlyser. Fleire sentrale planar og reformar stötter at dette er eit felt som bør vidareutviklast i kommunane t.d. Eldrereforma Leve heile livet og Demensplan 2025. Med dette som utgangspunkt ynskjer prosjektgruppa at det vert arbeida med å finne gode samskapingsarenaar og metodar for kulturskulen og pleie- og omsorgstenestene og arbeidet retta denne gruppa. Milepælar for arbeidet vil blant anna vere:

- felles fagdag med Audun Myskjå
- evaluering og vidareutvikling av dagens samarbeid mellom institusjonane og kulturskulen
- oppretting av eventuell tverrfagleg ABC-opplæring i musikkbasert miljøbehandling i kommunen
- samarbeid med demenskoordinator mtp tilbod til pårørande og heimebuande personar med demenssjukdom.

Samskaping og samhandling

Kommunen har ikkje utarbeidd ein ferdig strategi eller mal for samskaping/samhandling, dette til tross for at fleire planverk syner til viktigheita av å møte framtidige utfordringar med brukarorientert og brei tverrfagleg samhandling.

Prosjektet Framtidas kulturskule blir til dels nybrotsarbeid og får funksjon som døropnar for framtidige samskapingsarenaer.

“Tidsbruk og relevans” er grunnleggande premiss for alle og kan vere krevande å handtere. Ein ønsker konkrete resultat, og ikkje minst gode suksesshistoriar som innsalg og fundament for ei vidareutvikling av samhandlingsarbeidet.

Erfaringar og lærdom frå tidlegare samarbeidsprosjekt har vore særsviktige for å skape nye tankesett omkring samhandling. Gjort, lært, lurt!
Målsetting: kommunal prosjekt- og samhandlingsmal

Medverknad, særleg barn og unge, men også andre aldersgrupper

Arbeidsgruppa konkluderer med at arbeidet med medverknad må styrkast. Ein må jakte på dei gode metodane, og pilotarbeidet har gitt oss innsikt og gode verktøy som kan nyttast.

Det er gjennomført 3 ulike spørreundersøkingar der ein har nådd ut til både brukar- og leiarnivå, samt ungdomsgrupperingar.





- A. Spørreundersøking blant tilsette med fokus på samarbeid mellom oppvekstinstitusjonar og kulturskule
- B. Spørreundersøking blant tilsette med fokus på samarbeid mellom helse- og omsorgsinstitusjonane og kulturskule
- C. Spørreundersøking på innbyggarnivå der fokuset var kulturområdet generelt og folk sine moglegheitar til deltaking.

Svarprosenten på undersøkingane var noko låg, men innspela som kom, var gode.

Kulturcamp og ungdomsmedverknad: her fekk samtlege skular fysiske besøk som ga elevane i målgruppa gode moglegheitar til å gi innspel og kome med ønske. Digitale plattformar blei også nytta til informasjon og som dialogverktøy.

Samspel politikk og administrasjon

Pilotprosjektet “Framtidas kulturskule” blei svært godt mottatt på rådmann- og kommunalsjefnivå. Fokusområdet vårt byr på breidt og tverrsektorieltt arbeid, også basert på vedtak om kulturskulen som ressurssenter for aldersgruppa 0-100.

Piloten er også presentert i våre to store sektorar, oppvekst og helse/omsorg. Her opplevde ein definitivt positive, men kan hende litt avventande haldningar til prosjektet. Arbeidsgruppa brukte sitt mandat, gjorde nokre nødvendige avgrensinger, og valde etter kvart konkrete arbeidsprosjekt og såkalla “underpilotar”. Fleire tiltak er på “skisseblokka”.

Vidare arbeid og framdrift er avhengig av sterk fagleg styring samt eit skapt eigarforhold i dei ulike fagmiljøa. At Framtidas kulturskule, dette inkludert dei valde delprosjekta, har blitt trygga politisk og økonomisk gjennom ny vedteken temaplan for kultur gir forutsigbarheit for vidare arbeid. I tillegg betyr dette ei synleggjering og styrka samspel mellom politikk og administrasjon.

Forankring og grunngjeving

Framtidas kulturskule er også godt forankra i ny kulturplan på både målnivå, tiltaksnivå og i økonomiplanen 2023-2027:

Utdrag: 7.22 Hovudmål kulturskulen

Ullensvang kulturskule vil jobba for auka rekruttering og deltaking i alle aldrar og vidare prioritera desentralisert undervisning. Gjennom pilotprosjektet “Fremtidens kulturskole” vert det arbeidd med gode samskapingsmodellar inn mot oppvekst og helse/omsorgssektoren.

Ullensvang kulturskule har også nedfelt i sine overordna målsettingar at det skal arbeidast med spesifikt fokus på tverrfagleg arbeid ivaretaking av lokal kulturarv inn mot aldersgruppa 0 -100

Kvífor treng me å utvikla kulturskulen som tverrfagleg livsløpsarena saman med andre tenester?

Kommunen har ein utfordrande geografi og demografi, ein må tenke nye tiltak for å få eit høgare aktivitetsnivå, samt skape “den gode kvardagen” i alle aldersgrupper jfr eit aldersvenleg samfunn.





Sagt på fleire måtar: me treng samskaping/samhandling for å:

- løysa framtidas utfordringar og bygge gode samfunn
- utnytta ressursene på best mogleg måte
- tilpassa tjenestene den tida me lever i
- skapa sterke fellesskap og identitet, og ta i vare kulturarv og tradisjonar

Struktur og organisering

Samansetninga i arbeidsgruppa er brei og representativ for store fagmiljø i frivilligsektor, oppvekstsektor, helse- og omsorgssektor og kultursektor. Medlemene i arbeidsgruppa har eit mandat på vegne av sin sektor, og ulike tema blir vidarespelt "opp eller ned" på sektornivå etter behov.

Det er etablert undergrupper som jobbar spesifikt med sitt konkrete tema for prosjektering og utprøving.

Prosjektet kunne hatt nytte av å ha politisk deltaking i arbeidsgruppa, og dette er ønska for det framtidige arbeidet.

Arbeidsmåter

Arbeidsgruppa har hatt jamlege møter i for- og etterkant av samlingane, samt avtalde presentasjonsmøter eller arbeidsmøter med involverte partar. Kommunalsjefar har møtt etter behov.

Nemner særskild:

- Det er oppretta tre undergrupper som har starta arbeidet med konkret innhald i prosjektet "Nøringen". Kulturcamp 2022 er gjennomført, og ein startar arbeidet med ny Camp 2023 etter nyttår.
- 31.05.2022 inviterte arbeidsgruppa til fagdag med Audun Myskja. Bakgrunnen for fagdagen var å samle ulike fagpersonar i kommunen for inspirasjon og felles forståing rundt tematikken med Musikkbasert miljøbehandling, spesielt retta mot personar med demenssjukdom. Per dags dato har ikkje dette arbeidet kome i gang, men dette er noko ein må jobbe vidare med i tida framover.
- Kulturcampen blei organisert som eit stort samspel mellom fleire organisasjonar, einskildpersonar, og i all hovudsak drifta via Frivilligsentralen.

Avsluttande:

Arbeidsgruppa konkluderer med at arbeidet er godt i gang. Fleire av tiltaka treng tid, - det må jobbast langsiktig. I enkelte samanhengar kan det vere lurt å ta eit steg tilbake for å sikre og trygge prosessane.

I skrivande stund pågår planlegginga med korleis ein ønsker å ta Framtidas kulturskule vidare. Det handlar om strategiar og metodar for å løfte og synleggjere arbeidet, og ikkje minst skape dei gode suksesshistoriane som gir den rette "boosten". Det handlar om å få fleire med på laget og å kjenne på at "heile kommunen" kan få eigarskap til dei pågåande og komande prosessane. Og ikkje minst handlar det om å prioritere og å faktisk utføre. "Walk the talk"!

Mykje er lært, og vi gler oss til å jobbe vidare.

